



Dei vidaregåande skulane

Dato: 29.02.2016
Vår ref.: 2016/2578-2
Saksbehandlar: laikle3
Dykkar ref.:

Invitasjon til kurs i forebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme

Vidaregåande skular og ungdomsskular er saman inviterte til kurs i april. Kurset er laga spesielt for lærarar, men er også interessant for andre grupper i skulen. Kurset er delt inn i ein teoridel og ein praktisk del/verkstad (med færre deltakarar). Ein må melde seg på begge delar, og det er ein føresetnad at ein har deltatt på teoridelen for å fortsetje med den praktisk retta delen.

Det er ein fordel at kvar skule meldar på to deltakarar.

Teoridel: 6. april 2016 kl. 09.00-16.00
Praktisk verkstad: Her kan ein velje mellom tre ulike datoar:
7. april 2016 kl. 09.00-16.00
20. april 2016 kl. 09.00-16.00
21. april 2016 kl. 09.00-16.00

Stad: Bergen tekniske fagskole, Haugeveien 28, Nordnes.
Næraste parkering: Klostergarasjen

Om kurset: Kurspakka er utvikla av RVTS Vest og Raftostiftelsen. Målet er å gi nyttig og praktisk kunnskap til bruk i skulen sitt forebygginge arbeid mot ekstremisme på tre nivå:

1. **Danning** – skulen sitt samfunnsmandat: utvikling av sosial kompetanse, empati, samfunnsengasjement, demokratiske haldningar, kritisk tenkning og medvit om ansvar.
2. **Igangsetting av tiltak** – når det i nærmiljøet eller på skulen skjer ei polarisering og gruppefiendtlige haldningar veks fram.
3. **Beredskap** – når ein uroar seg for om elevar anten enkeltvis eller saman blir del av eit ekstremt eller antidemokratisk miljø og ser det nødvendig å gripe inn overfor enkeltindivid. På dette nivået er det nødvendig å ha kontakt med andre etatar.

Meir informasjon og fullstendig program:



Program -
Forebygging av radik

Påmelding:

<http://kurs.hfk.no/Kurs-og-konferansar-tilsette/2016/Forebygging-av-radikalisering-og-valdeleg-ekstremisme/>

Kontaktperson i seksjon skule: Laila Christin Kleppe.

Linda Farestveit
Leiar, seksjon skule

Laila Christin Kleppe
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.